

Syklistar frå mange land med fast stopp i Uskedalen.

20.09.2019



Sykkelturistane frå Melbourne i Australia likar det dei fekk sjå og oppleva i Uskedalen. F.v: Warnick og Bernadotte Foster, Matt og Misl Pearce.

Syklistar frå mange land har vore eit fast innslag i Uskedalen i sommar. Mest kvar tysdag i 11 tida kjem sykkelturistane innom Kafe Tiaren før turen går vidare på sør til ferja på Utåker. Det er reiseoperatøren Discowery Norway som sel og marknadsfører desse turane. Uskedalen.no har møtt fleire grupper i sommar, no sist to ektepar frå Melbourne i Australia.

Turen til denne gruppa gjekk via Oslo til Bergen og vidare med Rødneruta til Rosendal. Syklane vert henta og leverte inn i Bergen. Kvinnherad ligg inne i ruta på dag to. Då går turen på sør gjennom bygdene på veg til Utåker og ferje til Skånevik. Neste stopp er Leirvik på Stord og vidare til Bekkjarvik i Austevoll og retur til Bergen. Tunellane kan vera ei hindring, men då er turen lagt opp slik at ein tek syklane med på hurtigbåtane.

Nokre sykkelruter går via Voss og Hardanger før ein kjem til Kvinnherad.

Dei to ektepara Foster og Pearce likte det dei fekk sjå og oppleva. Noreg er vakkert og ulikt det ein kjem frå i storbyen Melbourne. Folk er venlege og kontakten er på plass med ein gong. Berre ein i gruppa har vore i Noreg før. Det var på ei kulturutveksling for mange år sidan.

Warnick Foster er pensjonist. Kona Bernadotte er talepedagog, som kan vera det vi kallar logoped. Misl og Matt Pearce driv eit firma som legg til rette for selskap og større arrangement.

I reisehandboka ligg Uskedalen inne med informasjon om natur- og kulturhistoriske attraksjonar. Den rimelege Kafe Tiaren er bonus og ei overrasking.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal